



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 05.06.2018  
Vår ref.: 2018/10618-3  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## Kulturminnafagleg fråsegn - landbruksveg - gnr. 65, bnr. 1- Frotaule - Radøy kommune

Me viser til brev datert 25.04.18 med ovanfor nemnde sak til fråsegn og vårt brev med varsel om synfaring datert 16.05.18. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorsyresmakt for kulturminnevern.

Arkeologar ved Hordaland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det gjeldande arealet 04.06.18. Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi under synfaringa, potensialet for nye funn av automatisk freda kulturminne vart vurdert til å vera lågt. Det er ikkje trøng for ytterlegare arkeologiske registreringar. Me ber likevel om at det vert teke omsyn til eventuelle kulturlandskapstrekk som til dømes steingardar, bakkemurar, tufter, eldre vegfar m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.